

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.
17/556-1/GWI

Dato
13.11.2017

Kunnskapsdepartementet – om målbruksarbeidet i universitets- og høgskolesektoren

Språkrådet fører tilsyn med målbruken i sentrale statsorgan og gir rettleiing i saker som gjeld mållova.

Mållova slår fast at dei to målformene våre er jamstilte. Dei skal begge vere synlege i det eksterne teksttilfanget til sentrale statsorgan, og organa pliktar å veksle mellom dei «slik at det blir ei rimeleg kvantitativ fordeling mellom dei» (§ 8). I forskrifta til mållova er denne kvantitative fordelinga fastsett til *minst 25 % av kvar målform*. Skjema skal vere tilgjengelege i begge målformer. Å oppfylle desse krava handlar om å vise respekt for språkbrukarane. Det er ein demokratisk rett for publikum å få informasjon frå staten på både nynorsk og bokmål.

Gjennom det årlege tilsynsarbeidet som Språkrådet gjer på oppdrag frå Kulturdepartementet, får vi innblikk i det arbeidet som nær 200 sentrale statsorgan gjer med språket. Språkrådet ser med uro på målvekslinga i utdanningssektoren. Med dette oversynet vil vi informere Kunnskapsdepartementet om stoda og ber departementet ta naudsynte grep overfor dei organa som etter gjentekne påminningar og innspel frå Språkrådet ikkje syner respekt for regelverket i mållova. Vi meiner det kviler eit særskilt ansvar på organa i UH-sektoren; dei som utdannar andre, bør sjølve følgje lova og gjere sitt beste for å vere gode eksempel for dei som skal lære eller forske ved norske universitet og høgskolar.


Tala som Språkrådet får inn gjennom den årlege målbruksrapporteringa, gir ikkje noko fasitsvar på vekslinga mellom målformene i statsorgan, men dei er ein viktig peikepinn. Når vi følgjer utviklinga på området over fleire år, får vi høve til å gi kvart statsorgan råd, rettleiing og tilpassa informasjon. Språkrådet utarbeider kvart år eit statistisk oversyn til Kulturdepartementet på bakgrunn av dei innsamla tala. Det statistiske oversynet er offentleg tilgjengeleg, slik òg kvar av dei einskilde rapportane og svara på dei er.



Oversyn over viktige organ i universitets- og høgskolesektoren

Vi har i dette oversynet inkludert dei 26 mest sentrale statsorgana i universitets- og høgskolesektoren med rapporteringsplikt til Språkrådet. Ved årets rapportering, som samla tala for bruken av nynorsk og bokmål gjennom 2016, leverte 19 av desse 26 rapport til oss. 13 organ fekk purring då dei ikkje hadde levert innan fristen. Seks organ har ikkje levert i det heile, trass i både éin og fleire purringar. Eitt organ fekk innvilga fritak frå å rapportere.

Samla sett kan det se det ut til at organa i UH-sektoren gjer det nokså godt:




I kategorien for korte tekstar oppfyller dei faktisk vekslingskravet på minst 25 % nynorsk samla sett, og i kategorien for sosiale medium har vi gjennom dei siste åra sett ein jamn auke hjå dei fleste. Vi har informert aktivt om at dette er ein viktig kommunikasjonskanal som statsorgana må prioritere i målvekslingarbeidet, og vi ser gode resultat hjå mange. Nettsidene som organa nyttar i kommunikasjonen sin med publikum, er òg sentrale kanalar, og her er høgskolane og universiteta samla sett eit stykke frå å oppnå målet.

Men bak desse gjennomsnittstala gøymer det seg store individuelle skilnader. I tabellen under ser vi den prosentvise bruken av nynorsk i dei ulike kategoriane for kvart einskild statsorgan i sektoren:

Organ	Nettsider	Korte tekstar	Lengre tekstar	Sosiale medium
Arkitekt- og designhøgskolen i Oslo	6,7	6,7	0	0
Høgskolen i Hedmark				
Høgskolen i Lillehammer				
Høgskolen i Oslo og Akershus	3,2	0,6	6,1	5,9
Høgskolen i Molde	2,6	3	0	0
Høgskolen i Sørøst-Noreg	2,6		3,4	20,6
Høgskolen i Østfold	3,4	1,4	100	
Høgskolen i Volda	65,7	89,2		77,2
Høgskolen i Bergen	16	46,8	77,5	16,1
Høgskolen i Sogn og Fjordane	78,1	100	91,4	100
Høgskolen Stord/Haugesund	41,8	48,7	0	68
Kunst- og designhøgskolen i Bergen				
Kunsthøgskolen i Oslo				
Nord universitet	18,6	9,8	2,8	0,7
Noregs grønne fagskole – Veia				
Noregs handelshøgskole	6,6	14,7	10,6	4
Noregs idrettshøgskole	5,7	16,7	0	1,2
NMBU	3,3	0	0	0
Noregs musikkhøgskole	6,2	20,8	16,7	2,1
Noregsuniversitetet	14,2			17,2
NTNU				
Universitetet i Agder				
Universitetet i Bergen		72	27,3	13,6
Universitetet i Oslo	12,3	9,6	16,3	4,5
Universitetet i Stavanger	11,2	13,2	6,8	15
Universitetet i Tromsø	0,4	0	0	
	16,6 %	26,7 %	21,1 %	20,4 %

Diagrammet gjengir dei same tala:



Enkelte høgskolar og universitet gjer svært godt arbeid og svarar pliktoppfyllande på Språkrådets innspel. Vi finn òg døme på organ som nyttar *for mykje* nynorsk. For legitimiteten av mållova er det viktig at desse organa syter for å nytte nok bokmål, og det gjer vi dei merksame på gjennom tilsynsdialogen.

Merk at enkelte organ markerer seg positivt i tabellen og i diagrammet over på skeivt grunnlag; éin lang tekst på nynorsk dette eine året kan gje inntrykk av svært god språkveksling jamt over, utan at det eigentleg er tilfelle. Vi gjer derfor klokt i å sjå meir på kategoriane for nettsider og for sosiale medium enn på dei to andre kategoriane, og for eit heilt korrekt bilete må vi sjå på tala for kvart einskilt organ.

For skjema gjeld andre reglar; desse skal liggje føre og vere tilgjengelege i begge målformer. Lova krev altså 100 prosent bokmål og 100 prosent nynorsk i denne kategorien, men samla sett ligg berre 36,8 prosent av alle skjema føre i begge måformene hjå høgskolane og universiteta.

Universiteta

Store organisasjonar strevar normalt meir med målveksling enn mindre, og vi ser at samtlige universitet i landet gjer for dårleg målvekslingsarbeid, med nokre få unntak.

Frå *Universitetet i Bergen* har vi ikkje tal for veksling på nett denne gongen, men vi har grunn til å tru at dette universitetet gjer ein mykje betre innsats enn dei andre universiteta når vi ser på tala deira frå dei andre kategoriane, der dei skårar godt, og òg på tala frå tidlegare år.

Universitetet i Stavanger er på god veg mot betre rutinar. Dei oppfyller ikkje krava, men ser ut til å følgje sin eigen målbruksplan, og tala er på veg oppover.

Universitetet i Oslo har gjort mykje godt arbeid det siste året og har sytt for å forankre målvekslingsarbeidet på høgste nivå, og det skal dei ha ros for. Vi håpar å sjå gode resultat i neste års rapport. Men skilnadene er framleis store internt, og mange av mållovsklagane Språkrådet behandlar, gjeld dessverre UiO.

Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet (NTNU) fekk fritak frå å levere rapport dette året, på grunn av logistiske problem etter samanslåinga til nytt organ frå 1. januar 2016, men Språkrådet har ein lang historikk med universitetet, og NTNU er òg eit av dei organa vi mottek flest mållovsklagar på, spesielt knytt til eksamensavvikling. Vi har gjennom fleire år vore i dialog med universitetet om rutinar, forankring og kurs, utan at vi ser resultat av arbeidet vårt.

Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet (NMBU) ligg saman med *Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet* heilt på botn i målbruksarbeidet. Desse to organa syner ingen vilje til auka innsats på feltet. Vi ser inga betring. NMBU rapporterer om 3,3 prosent nynorsk på nett og 0 prosent i alle dei andre kategoriane. UiT melder om 0,4 prosent nynorsk på nett og 0 prosent i dei andre kategoriane.

Universitetet i Agder overser heilt Språkrådets forsøk på å kome i kontakt og har heller ikkje levert rapport.

Høgskolane

Jamt over gjer høgskolane på Vestlandet betre arbeid for jamstillinga mellom målformene enn høgskolane som er lokaliserte aust i landet – ei naturleg følgje av fordelinga mellom målformene generelt i landet. Vi ser gode tal frå både *Høgskolen i Bergen*, *Høgskulen i Volda*, *Høgskulen i Sogn og Fjordane* og *Høgskolen Stord/Haugesund*. Frå 1. januar 2017 vart tre av desse slått saman til den nye Høgskolen på Vestlandet, som vil kome med i rapporteringa til Språkrådet frå neste år.

Høgskolen i Hedmark og *Høgskolen i Lillehammer* leverte ikkje rapport i år, og frå nyttår i år vart dei slått saman til den nye Høgskolen i Innlandet. Også dette nye organet vil kome med i rapporteringa frå neste år.

Høgskolen i Østfold har gjennom fleire år nytta svært lite nynorsk. Dei melder om at dei er i gang med planar for betre målbruk, men vi kan ikkje sjå det i resultatata deira.

Høgskolen i Oslo og Akershus ser ikkje ut til å ta det språklege ansvaret sitt på alvor og følgjer ikkje opp råda Språkrådet gir dei. Denne høgskolen har ein stor studentmasse frå heile landet, og mange forskarar arbeider ved institusjonen. Likevel var berre 3,2 prosent av teksten dei publiserte på nett i 2016, på nynorsk. I korte tekstar berre 0,6 prosent. Berre fire av 153 skjema var tilgjengelege i begge målformene.

Høgskolen i Molde fekk i år purring frå Språkrådets direktør og sendte inn rapport for aller første gong som følgje av dette.

Kunsthøgskolen i Oslo og *Noregs grønne fagskole* har aldri levert målbruksrapport, sjølv etter purringar på direktørnivå.

Oppfølging og tiltak

Gjennom tilsynsdialogen skriv Språkrådet til kvart einskilt organ og går gjennom tala dei har rapportert inn. Vi gir råd om vidare tiltak og ber dei fleste sende oss eit oversyn over organets vidare planar for målvekslingsarbeidet. Mot slutten av året kontrollerer vi om organa viser framgang og har sett tiltaka sine ut i livet. Vi tilbyr òg gratis nynorsk kurs for statstilsette og har nyleg lansert eit fritt tilgjengeleg nettkurs i nynorsk.

Når fleire av høgskolane og universiteta likevel ikkje viser teikn til framgang, trass i Språkrådets innsats, ser vi det som vår plikt å gjere departementet merksam på stoda, slik at departementet som overordna organ kan ta saka vidare med dei av lærestadane som treng særskilt oppfølging.

Vennleg helsing

Åse Wetås
direktør

Kristin Solbjør
seksjonssjef

Brevet er elektronisk godkjent og blir sendt utan underskrifter.

Mottakarar:

Kunnskapsdepartementet

Postboks 8119 Dep 0032

OSLO